

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren

Emne: Folkelege musikkinstrumenter Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sør-stua

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr. 3

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Oppskrive etter samrøde med folk i grenda som har greie på gammal tradisjon.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Når ein skal gje svar på denne emnelista og har tala med gamle folk i grenda om musikken og musikkinstrumenta frå gammal tid står ein att med den faste tanke - at folket her har vore sers umusikalske. Fela er så å segja det einaste instrument som har vore i bruk, når ein tar undan salmodikonet som læraren bruka på omgangsskulen.

I Fela

1. Fela har vore kjend i grenda. I grenda målet er namnet på instrumentet: Fel, med lang, tjukk l. Somme segjer "Fele" med trykket på ~~sistaxstavinga~~ første stavinga. Dei ymse delene av fela nemner ein: Skaftet, skruvan, botnin, lokket, strengstoln, Strenghaldar. Der ein sett fingrane nemner ein: grepet. Bogen nemner ein: Båggån eller òg Båvvån.

2. Fela har vore kjend frå alders tid. Kvar ho kom ifrå, kva veg ho kom og når - ja det kan ein ikkje gje svar på. Vanleg fele er framleis i bruk.

3. Den ferdige fela vart nok for det meste ført inn frå andre bygder. Ein og annan framtøk spelemann freista nok å laga si eiga fele, men nokon felemaker som det gjekk noko gjetord om har ein ikkje funne far etter her i grendom. Heller ikkje bygda kan rosa seg av å ha fostra nokon slik. I notida fins det ingen felemakar her.

4. Fela har her havt den vanlege forma. Ho har vore bruka med føre strengjer.

5. Vyrke til felemakeri har vore laga av gran, bjørk og bøk. Men i eldste tida var det berre gran og bjørk. Gran og bjørk var heimleg vyrke, men bøk måtte først inn.

6. Felemakaren hadde laga seg ymse former som han "sveja" saggen etter. Vanlegvis sveja han sargen i fire vendingar. Dei to innsvinga lutene midt på fela for seg og så dei to større bogane for seg. (Dei to stykka

2
som skaftet og strengheldaren vart fest til.)
Først vart det tunne treet bløytt i kokande vatn. Så sveja han det åttåt forma, surra det fast og sette det til tørk.

Så forma han til lokket og botnen. Til det bruka han tollekniv, skjøve, (bøyd kniv) og så skavvel (eit stykke tre med tilfest bandkniv. Treestykket var forma slik at ein stakk handa i med fingertuppane og heldt det inne i handa under bruken.)

Når sargdelane var godt tørre skar han dei til og felde dei ihop, lima så på lokk og botn. Når denne liminga var tørr sette han på skaftet.

7. Strengjene vart for det meste kjøpt frå Trondheim. Men dei vart òg laga av spelemennene sjøl. Somme laga strengjer av tarmar. Bukketarmar skulle vera fine. Andre segjer at strengjer var spunne av senor. Og spinneapparatet var den same håndrokken som skomakaren framleis brukar når han lagar bekkatråd - eller bustlev, som grendanemninga er. Men ingen kan segja sikkert korleis dei heimelaga strengjene verkeleg vart laga. Det er berre fortald av gamle folk i ungdommen åt folk som no sjøl er langt uti åra.

8. Ein kjenner ikkje til noko brigde i feleforma frå dei eldre tider til idag.

9. Gammalkarane heldt fela opp mot brystet og stødde skaftet mot venstre låret. I nyare tider vart fela sett ~~xxxx~~ under haka. Felespel vart serleg nytta i brudlaup og ved låvefestar.

10. Variantar, er ikkje kjende.

11. Felone som vart laga heime var ikkje prydd på noko vis. Det var berre avpussa daudflisa og bruna med noko slag farge.

12. Ovtru eller segner kring fela kjenner ein ikkje til, men det fans i gammal tid forteljing om folk som hadde høyrd tussespel på fele.

13. Brørne John og Martin Aune, Rognes st. er begge to gode felespelemenn, men dei er frå eit anna grendelag i bygda. Dei har drive felespel i mange år.

II.

Hardingfele.

Denne fela er ikkje kjend her korkje i eldre eller nyare tid.

Det same gjeld:

III Nykkelharpe, IV Vanleg harpe, V Langeleik og VI Humle.

VII Salmodikon.

Instrumentet har vore bruka i omgangsskulen og seinare i skulestuggu etter at ho vart bygd.

2. Når det kom i bruk eller kvar det kom ifrå veit ein ikkje. Det gjekk av bruk for 50-60 år sidan. Fela og husorglet kom da i staden ved songopplæringa i skulen.

3. Instrumentet har ikkje vore laga her i grenda.
4. Måla på instrumentet kan ikkje oppgjevast. Det hadde ein streng.
- 5 og 6 kan ikkje svarast på da instrumentet aldri har vore laga her.
7. Det vart bruka ein metalstreng.
8. Instrumentet har ikkje vore brigda i brukstida.
9. Spelaren bruka ein vanleg boge og strauk over strengen med han sette fingrane på avmerka stader langs strengen. Under spelinga låg instrumentet på bordet.
10. Ingen variantar er kjende av salmodikon.
11. Det var ikkje noko slag prydnad på instrumentet.
12. Alt under dette punkt er ukjend.
13. Nokon sers flink salmodikonspelar er ikkje kjend. Instrumentet var heller ikkje serleg vanleg. Det eksemplar som fans i skulen er det einaste kjende eksemplar.

VIII

Ropar Ikkje kjend her i grenda.

IV

Lur - langelur har heller ikkje vore bruka her.

X

Prillarhorn må vel vera det same som det ein har kalla Bukkhonn her i bygda. Så vidt det går an å finna ut kan heller ikkje det ha vore sers vanleg. Dei som ville ha eit slikt instrument laga det til sjøl av eit bukkehonn. Det skulle ha ei metalltunge i blåseåpninga, blir det sagt. Har aldri sett korleis bukkhonnet var laga. Det fins ikkje noko eksemplar av det her i grenda.

XI

Vanleg fløyte er heller ikkje kjend.

XII

Andre fløyter har vore bruka her, men helst som leikety for gutungar. Det er da serleg seljefløyta og halmpipa som har vore bruka. Begge har havt den mest einfelde form. Og dei har aldri vore bruka til å spela på, men berre til å lokka fram ei tone. Gutungane hadde nok mykje moro med desse, Seljefløyta vart laga om våren når sevja gjekk i trea. halmpipa helst i skurdonna.

XIII

Sekkepipa er ikkje kjend.

XIV

4

Munnharpe har heller ikkje vore bruka her, men i grannebygda, Soknedal har eg høyrd gjete ein mann som kunne spela munnharpe. Det var gamle Esten på Bordalshaugen som bruka spela for ungdommen når dei var bedne dit i julekalas. Det er no innåt 50 år sidan han døydde.

XV

Spikerfele er heller ikkje kjend.

XVI

Tromme har heller ikkje vore noko i bruk her i grenda

Bolk B.

Byinstrument.

Spinett har vistnok vore i bruk i Støren Prestegard kring 1860 - 70åra, men aldri vore vanleg bruka millom jamne bygdafolk.

Citer, gitar, mandolin, Klarinett, (klanet, i dagleg tale) og trekkspill har vore meir vanleg.

2) Når ein tar undan spinett som berre var bruka millom ombudsmenn så har dei sist nemnde instrumenta vore bruka av bygdafolket.

3) Dei gamle slåttane vart spela på dragspelet i blanding med dei nye som kom etter kvart. Nytt og gammalt gjekk om kvart anna.

Bolk C.

Larminstrument og andre primitive instrument.

Av desse fahs det fleire. I sætergrendom var det fote at bjønn kunne ferdast og gjera det utrygt for bufeet. Det var da vanleg å skremma han bort med å slå på bukjelem. Det gav ein ganske kvell låt og har nok ikkje låte serleg vel i bjønnøyro.

Så har vi kråkesmella. Ho gjekk under nemninga: Kråksmell.

Ho likna noko på den grinda som seinare har vore bruka til å vikla opp oterlina på, men var noko større. Lengda var kring 50 cm og breidda var kring 25 cm. Ho hadde eit skaft med kring 50 cm. lengde.

Skaftet gjekk gjennom øvre enden på smella. Det var først rundsvarva og den delen som var fest millom sidespildrone i grinda var ca. 6 cm. i tverrmål. Her var det så skåre inn langsgåande grøper slik at overflata vart riflet.

I nedre enden var det først tappa inn ei spildre av same breidd som sidespildrone. Tett innåt denne spildra var det tappa inn ei ny spildre vinkelrett på den andre. Her vart da ein fals. Midtveis
XXXXXXXXXX

3

5

Midtveges millom denne falsen og den rifla valsen var det tappa inn ei spildre millom dei to side-spildrone.

Så var det sett fast ei tunn, fjørande spildre mift i grinda. Ho var fest med ein pinne, eller spiker med enden i den omtala falsen, gjekk så under tverrspildra midt i grinda og med den frie enden låg spildra an imot den rifla valsen.

3) Ein bruka instrumentet på den måten at ein tok om skaftet med begge hender og slengde grinda rundt. Det vart da ei skjerande skrelling og skramling som høyrdes langan leid.

4) Det vart bruka på sætrom til å sktemma bort udyr med og til å jaga bort sauer med frå beite der kyrne skulle ha det for seg sjøl. Det har og vore bruka til å stokka ut haren med når det var jakt på hare med hund.

Så har vi: Verkvenna.

Ho kunne ha ymse skap. Men sams for alle var at bøssinga helst skulle vera firkanta for da skramla det mest når vinden dreiv ho rundt. Ho kunne ha ~~to~~ eller fire vengjer. To var mest vanleg.


Verkvenna vart ofte sett bortpå åkrane etter skurden for skremsel av kråke og andre skadefuglar.

Til slutt kan nemnast : Vasshamaren. Det var ein kvennkall eller vasshjul som vart sett ut i bekken. Akslinga var vassrett. På eine sida var det påsett ein klamp og mot denne klampen kvilde ein hammar eller klubbe. Skaftet på denne gjekk millom to styrelister slik at hammaren heile tida gjekk i same leie. Bakre skaftende hadde eit hol som det ~~gjekk~~ gjekk ein trepinne, eller ein bolt i gjennom. Innstillinga var slik at skaftet låg an mot akslinga noko attfor midtstaden. Under hammaren var det sett eit gammalt vaskefat av blikk eller ein liknande blikkting. Vatnet skuala i renna. Kvennkallen gjekk og hammaren daska og slo mot blikkfatet. Det var eit skrammel og leven som gjekk reint på nervane.



Denne innretninga vart bruka til å skremma bort kråke og andre skafuglar frå åkrane når desse låg lugumt attåt bekkefarete.

Grove skisser over "Larminstrument."

1. Verkoenn



2. Kråkesmelle



3. Vasshammat.

